

## Villreinmøte i Bykle

Tysdag 30. oktober kl. 18.00 på Bykle hotell vert det besøk frå Olav Strand i frå Norsk Institutt for Naturforskning (NINA). Tema for kvelden er villrein og ferdsel samt bestandsteljing og overvaking. Møtet er ope for alle med interesse for villreinfjella, anten det er som turgåar, grunneigar, jegar, politikar eller hytteeigar. Olav Strand er ein av landets fremste forskarar på villrein og har lang røynsle frå fjellområda i sør, ikkje minst gjennom GPS-merkeprosjekta i setesdalsheiane.

Vonar mange vil nytte høvet å ta turen til Bykle denne kvelden. Kaffe og ei enkel servering undervegs.

Møtet vert arrangert av verdiskapingsprosjektet i SVR i samarbeid med villreinnemnda for setesdalsområdet, Setesdal Ryfylke villreinlag og Setesdal Austhei villreinlag.

Spørsmål til arrangementet kan rettast til forvaltningssekretariatet for SVR  
v/Jørn Haug. Tlf. 95 20 70 83